



BREKKE & KLEPPE ANLEGG AS

Postboks 133

6069 HAREID

Vedtak om løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returASFALT

Fylkesmannen i Møre og Romsdal gir løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returASFALT i Hjørungnesmyrane i Hareid. Mottak av returASFALT skal meldast til Kontrollordningen For ASFALTgjenvinning.

Det er vedtatt eit gebyr for saksbehandlinga.

Vi viser til søknad av 31.01.18. Det er søkt om å få mellomlagre brukt ASFALT på eit område i Hjørungnesmyrane. Området ligg på gnr. 70 bnr. 108 i Hareid kommune. Årleg mottak vil vere inntil 2 000 tonn returASFALT. Med heimel i forureiningslova § 11 jf. § 29 gir Fylkesmannen løyve på vilkår til mottak, mellomlagring og knusing av returASFALT. Vilkåra er sett med heimel i forureiningslova § 16.

Bakgrunn og saksgang

Søknaden blei kunngjort på Fylkesmannen sine nettsider og i Vikebladet 08.03.18 og låg til offentleg høyring i perioden fram til 03.04.18. Hareid kommune og naboar har fått varsel i eige brev. Det kom uttale frå kommunen. Brekke & Kleppe Anlegg AS fekk oversendt uttalen 06.04.18 og sendte 17.04.18 inn sin kommentar.

Hareid kommune opplyser at den ikkje ser noko helse- eller miljøfare med det aktuelle tiltaket. Anlegget ligg 200 meter frå fiskeindustri og på eit område som er avsett til næring. Risneset Industriområde er detaljregulert til industri og veg. Kommunen opplyser også at det er avtalt sal av eigedomen som ligg nord for anlegget og at brannvesenet ikkje har nokon merknad i saka.

Brekke & Kleppe Anlegg AS skriv i sin kommentar at det er dei som har avtale med kommunen om å kjøpe det omtalte området ved anlegget.

Fylkesmannen sine vurderingar

Det kan ventast svært små utslepp frå lagring og handtering av returASFALT. Moglege utslepp til vatn frå lagra returASFALT vil vere polysykliske aromatiske hydrokarbon (PAH) som finst i

bindemiddelet i asfalt. Gammal asfalt kan også innehalde steinkulltjære med eit svært høgt innhald av PAH. Det er i løyvet sett krav til at det ikkje skal lagrast asfalt med tjære. PAH er ikkje løyseleg i vatn, og studiar har vist at det er svært låge nivå av PAH i avrenning frå returafalt så lenge denne ikkje inneheld tjære.

Resipienten for eventuell avrenning til vatn, er Hjørungavågen/Liavågen. Fylkesmannen har vurdert om krava i *Forskrift om rammer for vannforvaltningen* (vannforskrifta) er til hinder for å gi løyve etter forureiningslova. I databasen Vann-nett som blir brukt i vassforvaltning, er den aktuelle delen av fjorden kalt Liavågen og gitt identifikasjonsnummer 0301020200-2-C som vassførekomst. Den økologiske tilstanden i førekomsten er klassifisert som god. Opplysninga er merka med middels grad av pålitelegheit, men det manglar informasjon om kva som er grunnlaget for klassifiseringa. Den kjemiske tilstanden er klassifisert som dårleg med høg grad av pålitelegheit. Dette skuldast påviste forureiningar i form av organiske miljøgifter, fluorforbindelsar og tinnorganiske forbindelsar. Vassførekomsten er påverka av utslepp frå verftsindustri, og det er oppført at det er nødvendig med nye tiltak for å nå god miljøtilstand. Lagerstad for returafalt ligg over 150 m frå fjorden, og restar av asfalt skal derfor ikkje kunne nå fjorden. Tillatne årlege mengder returafalt er moderate, og avrenning av PAH frå lagra asfalt er som nemnt svært låg. Fylkesmannen meiner at det er lite sannsynleg at avrenning frå lageret vil kunne ha ein negativ påverknad på livet i fjorden.

Vi kan ikkje sjå at verksemda det blir gitt løyve til, vil gi påverknad på andre delar av naturmangfaldet i området. Vi vurderer det slik at ei vidare vurdering etter *Lov om forvaltning av naturens mangfold* (naturmangfoldloven) derfor ikkje er nødvendig i denne saka.

Hovudaktiviteten ved anlegget er uttak av fjell. Knusing er regulert i kapittel 30 i forureiningsforskrifta som gjeld produksjon av pukk, grus, sand og singel. Knusing av returafalt må skje innanfor dei krava som er stilte i kapittel 30.

Andre forhold

På bakgrunn av det som er nemnt over, er verksemda plassert i risikoklasse 4 (lågaste risikoklasse). Risikoklassen har betydning for kor ofte forureiningsmyndigheita planlegg å gjennomføre tilsyn ved verksemda.

Mottaket skal vere knytt til Kontrollordningen For Asfaltgjenvinning (KFA).

Anlegg for produksjon av pukk, grus, sand og/eller singel har meldeplikt til fylkesmannen før verksemda startar opp eller det blir gjort endringar i aktiviteten. Slik melding er ikkje mottatt hjå Fylkesmannen i Møre og Romsdal for anlegget i Hjørungnesmyrane. Alle stader der det skjer knusing, må meldast til Fylkesmannen.

Vedtak om gebyr

Vi viser til varsel om gebyrsats av 02.02.18 og til forureiningsforskrifta kapittel 39 om gebyr til statskassa for arbeid med løyve mv. Som varsla blir verksemda plassert under gebyrsats 6, jf. forureiningsforskrifta § 39-3, jf. § 39. Verksemda skal etter dette betale eit gebyr på kr 26 200 for saksbehandlinga. Ressursbruk knytt til saksbehandlinga er lagt til grunn ved fastsetting av gebyrsats. Dette gjeld mellom anna lesing og vurdering av søknaden,

eventuelle møter og korrespondanse med søkar, høyring av saka samt endeleg utforming av løyve. Innsats frå andre fagpersonar hos Fylkesmannen inngår også. Samla ressursbruk er om lag 0,8 vekeverk. Miljødirektoratet vil ettersende faktura med innbetalingsblankett. Gebyret må betalast innan 30 dagar etter fakturadato.

Høve til å klage

Vedtaket om å gi løyve og vedtaket om gebyr kan klagast inn for Miljødirektoratet av partane i saka eller andre med rettsleg klageinteresse innan tre veker frå underretning om vedtaket er kome fram eller frå vedkommande fekk eller burde ha skaffa seg kjennskap til vedtaket, jf. forvaltningslova kapittel VI. Ein eventuell klage skal angi kva det blir klaga over og den eller dei endringane ein ønskjer. Klagen bør grunngjevast, og andre opplysningar av betydning for saka bør nemnast. Klagen skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Ein eventuell klage over løyvet fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Fylkesmannen eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding eller av eige tiltak avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Avgjerda av spørsmålet om gjennomføring kan ikkje klagast på. Ein eventuell klage over gebyrsats blir ikkje gitt oppsettjande verknad, og det fastsette gebyret må derfor betalast i samsvar med det som er nemnt over. Dersom Miljødirektoratet aksepterer klagen, vil det overskytande beløpet bli refundert.

Med visse avgrensingar har partane rett til å sjå dokumenta i saka. Nærare opplysningar om dette får ein ved å kontakte Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Fleire opplysningar om saksbehandlingsreglar og andre reglar av betydning for saka vil Fylkesmannen også kunne gi.

Offentleggjing av løyvet

Vedtaket skal gjerast offentleg kjent, jf. § 36-11 i forskrift om begrensning av forurensning. Den som har fått løyve, skal så snart som mogleg kunngjere dette i dagspressa.

Kunngjeringa skal innehalde ei kort orientering om løyvet, kvar sin kan vende seg for å få innsyn i saksdokumenta og opplysningar om klageinstans og frist for eventuell klage på vedtaket. Kopi av kunngjeringa skal sendast til Fylkesmannen i Møre og Romsdal innan ein månad etter at løyvet er gitt. Bedrifta kan gjerne nytte sin eigen logo i kunngjeringa. Fylkesmannen sin logo skal ikkje nyttast.

Vi har sendt kopi av dette brevet med vedlegg til kommunen, KFA og naboar. Løyvet vil bli lagt ut på nettsidene til Fylkesmannen i Møre og Romsdal: www.fylkesmannen.no/mr.

Med helsing

Anne Melbø (e.f.)
fagansvarleg

Guro Eidskrem Gjenstad

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg:

Løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returafalt

Kopi:

FORENINGEN KFA	Fjordveien 3	1363	HØVIK
Tim Kvammen	Hamnavegen 14	6063	HJØRUNGAVÅG
Hareid kommune	Rådhusplassen 5	6060	HAREID
Dag Kvammen	Liavegen 5	6063	HJØRUNGAVÅG
GRAVING OG TRANSPORT AS	Strandgata	6060	HAREID
Ovald Liavåg	Borgermester Eidems G. 11	9009	TROMSØ
Bente Liavåg	Bautevegen 8	6063	HJØRUNGAVÅG



**FYLKESMANNEN I
MØRE OG ROMSDAL**

**Løyve til mottak, mellomlagring og knusing av returafalt for
Brekke & Kleppe Anlegg AS**

Løyvet er gitt i medhald av lov av 13.3.1981 om vern mot forurensninger og om avfall (forureiningslova) § 11 jf. § 29. Det er sett vilkår etter forureiningslova § 16.

Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom bedrifta ønskjer endringar i drifta som kan ha betydning for miljøet, må dette avklarast skriftleg med Fylkesmannen i Møre og Romsdal.

Data om bedrifta:

Bedrift	Brekke & Kleppe Anlegg AS		
Anlegget si plassering/gateadresse	Hjørungnesmyrane		
Bedrifta si postadresse	Postboks 133, 6069 Hareid		
Kommune for anlegget	Hareid		
Organisasjonsnummer (bedrift)	983697070		
Euref 89, UTM sone 32	nord: 6916433 aust: 348962		
Gards- og bruksnummer	Gnr. 70 bnr. 108		
NACE-kode og bransje	43.120 Grunnarbeid		
NOSE-kode(r)	109 Behandling og disponering av avfall		
Saksnummer	Anleggsnummer	Løyvenummer	Risikoklasse ¹
2018/752	1517.0034.01	2018.0362.T	4

Løyve gitt: 02.05.2018	Endringsnummer: -	Sist endra: -
<p>Anne Melbø fagansvarleg</p> <p>Guro Eidskrem Gjenstad overingeniør</p> <p><i>Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur</i></p>		

¹ Risikoklassen har betydning for forureiningsmyndigheita sin frekvens for planlagte tilsyn med verksemda.

1 Rammer for løyvet

Løyvet gjeld mottak, mellomlagring og knusing av returafalt. Løyvet omfattar eit årleg mottak på **inntil 2 000 tonn** årleg. Returafalten kan lagrast i **inntil 1 år**.

Verksemda skal vere knytt til Kontrollordningen For Asfaltgjenvinning.

1.1 Krav til mottaket

Det skal vere ein driftsplan med driftsinstruks for anlegget.

All returafalt som blir tatt imot, skal kontrollerast og loggførast med informasjon om opphav. For å sikre at det i vidare produksjon berre blir nytta reine asfaltprodukt som er fri for tjæreprodukt, skal det angjevast kvar returafalten kjem frå. Mellomlagring av tjærehaldig asfalt på området er ikkje tillate.

Dersom det oppstår mistanke om at mottatt asfalt likevel kan innehalde tjære, skal asfalten oppbevarast separat på fast dekke under tak inntil prøvetaking er gjennomført og vidare disponering er avklart. Asfalt som er eldre en 1970 og inneheld penetrert puk, impregnert grus eller anna overflatebehandling, skal testast for innhald av tjære.

1.2 Kunnskap om avfall

Bedrifta skal ha tilstrekkeleg kunnskap om avfallet til å kunne behandle og lagre mottatt avfall, slik at det ikkje fører til at miljøet blir dårlegare.

1.3 Informasjon til kundar

Verksemda skal gi kundane forsvarleg informasjon med omsyn til kva typar avfall som det er tillate å levere til anlegget.

2 Avfall

Bedrifta skal i størst mogleg grad minimere danning av avfall som følgje av si verksemd.

Forureiningsmyndigheitene anbefaler generelt at brukt asfalt blir brukt i produksjon av ny asfalt. Returafalt kan også nyttiggjerast som erstatning for rein asfalt som underlag for ny asfalt.

3 Internkontroll

Bedrifta har plikt til å ha eit internkontrollsystem som er oppdatert til ei kvar tid.

4 Støv

For å unngå støvproblem i nærmiljøet, skal vegar og plassar gjerast reine regelmessig, eller andre støvreduserande tiltak skal settast i verk.

5 Støy

Bedrifta sitt bidrag til utandørs støy ved omkringliggende bustader, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustader, utdanningsinstitusjonar, barnehagar og rekreasjonsområde skal ikkje overskride følgjande grenser, målt eller berekna som frittfeltverdi ved mest støyutsette fasade:

Kvardagar	Laurdagar	Søn- og heilagdagar	Kveld (kl. 19-23), kvardagar	Natt (kl. 23-07), alle døgn	Natt (kl. 23-07), alle døgn
55 L_{den}	50 L_{den}	45 L_{den}	50 $L_{evening}$	45 L_{night}	60 L_{AFmax}

L_{den} er A-vegd ekvivalent støynivå for dag/kveld/natt med 10 dB/5 dB tillegg på natt/kveld.

$L_{evening}$ er A-vegd ekvivalent støynivå for kveldsperioden 23-07.

L_{night} er A-vegd ekvivalent støynivå for nattperioden 23-07.

L_{AFmax} er A-vegd maksimalnivå for dei 5-10 mest støyande hendingane i perioden, målt/berekna med tidskonstant "Fast" på 125 ms.

Alle støygrenser skal overhaldast for alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå bedrifta si ordinære verksemd, inkludert intern transport på bedriftsområdet og lossing/lasting av råvarer og produkt. Støy frå bygg- og anleggsverksemd og frå ordinær persontransport av verksemda sine tilsette er likevel ikkje omfatta av grensene.

6 Knusing

Knusing av returasfalt blir rekna som behandling av avfall. Knusing skal skje slik at vilkåra i kapittel 30 i forskrift om begrensning av forurensning (forureiningsforskrifta) blir haldne.

7 Rapporteringar og risikoklasse

7.1 Risikoklasse

Verksemda er plassert i risikoklasse 4.

7.2 Årleg rapportering

Bedrifta skal rapportere oppsummering av returmengder asfalt inn og ut av anlegget, omfang og handtering av innslag av ulovlege fraksjonar i avfallet. Denne årsrapporten skal sendast til Fylkesmannen innan 1. mars året etter rapporteringsåret. Skjema for rapporteringa finst på www.fylkesmannen.no under Møre og Romsdal, fram til det blir gjort tilgjengeleg i AltInn.

7.3 Journalføring

Det skal først **dagleg oversikt (loggbok)** over kva for mengder som blir mottatt og passerer anlegget. Registrering av avfallet skal skje **på vekt**. Av loggboka skal det gå fram mengder og leveringsstader/bruksformål.

8 Forsikring

Bedrifta skal sørge for å ha tilstrekkeleg forsikring for det erstatningsansvaret den måtte pådra seg i si avfallsverksemd. Forsikringa må blant anna omfatte skade på person(ar), utstyr samt utgifter til opprydding, sanering og godkjent disponering. Forsikringa skal også dekke kostnader for utgifter knytt til eventuelt opphøyr av eige føretak.

9 Nedlegging

Dersom eit anlegg blir nedlagt eller ei verksemd stansar for en lengre periode, skal eigaren eller brukaren gjere det som til ei kvar tid er nødvendig for å motverke forureiningar. Dersom anlegget eller verksemda kan føre til forureiningar etter nedlegginga eller driftsstansen, skal det i rimeleg tid på førehand gjevast melding til Fylkesmannen.

Ved nedlegging eller stans skal mottaket sørge for at lagra returasfalt blir tatt hand om på ein forsvarleg måte (jf. avfallsforskrifta). De tiltaka som blir trefte i denne samanhengen, skal rapporterast til Fylkesmannen innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal innehalde dokumentasjon på disponering av restar av avfall og namn på dei verksemdene som har overtatt avfallet.

Dersom det er ønskje om å starte verksemda på nytt, skal det gjevast melding til Fylkesmannen i god tid før start er planlagt.

10 Inspeksjonar

Bedrifta pliktar å la representantar for forureiningsmyndigheita, eller dei disse gir mynde, inspisere anlegga til ei kvar tid.